

Sergio Manzetti/ Fjordforsk AS

Svar - Utvikling av ny reinseteknologi for drikkevatt

Vi viser til søknad motteken 8.7.16 om tilskot til nærings- og samfunnsutvikling i 2016. Der søker de om 100 000 kr i støtte til utvikling av ny reinseteknologi for drikkevatt.

Ved tildeling av regionale utviklingsmidlar gjeld overordna føringar, m.a. retningsliner for virkemiddelbruk. Søknaden frå Fjordforsk AS er ikkje i tråd med dei føringane som gjeld for den aktuelle tilskotsordninga, og vi kan ikkje imøtekome denne søknaden.

Det er eit grunnleggjande prinsipp at tiltak som motteke støtte skal nå breitt, i motsetning til bedriftsretta tiltak som rettar seg mot ei bedrift eller ei avgrensa gruppe bedrifter. Prosjektet i denne søknaden er meint å styrkje Fjordforsk sitt grunnlag for inntekter og moglegheit til å etablere seg i marknaden. Vi ser på dette som eit bedriftsretta tiltak. Fylkeskommunen sin bedriftsretta innsats skjer gjennom Innovasjon Norge, som årleg vert tildelt midlar frå fylkeskommunen som vert nytta til å gje bedriftene tilskot og lån.

Ut frå ovannemnde kan vi som nemnt ikkje imøtekome søknaden. De må gjerne drøfte prosjektet med Innovasjon Norge eller ev Norges forskingsråd.

De har høve til å klage på avgjerda innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage sender de til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Skjema finn de på www.sfj.no under næring eller ved å ta kontakt med sakshandsamar.

Eventuelle spørsmål i tilknytning til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Med helsing

Endre Høgalmen
Ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Ingvild Andersen
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar:
Sergio Manzetti/ Fjordforsk AS